

Rådmannsmøte tysdag 1. september 2020 kl. 14.30 – 15.30

Desse møtte:

Jan Myrekrok, Vinje

Frid Berge, Seljord

Øystein Tveit, Kviteseid

Une Marit Tangen, Fyresdal

Sverre Sæter, Nissedal

Finn Arne Askje, Tokke

Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet

Tema for møtet var oppgradering av ePhorte og driftsmiljøa i Vest-Telemark

Med bakgrunn i eit behov for oppgradering av ePhorte 5 til ePhorte 6 for Seljord kommune, og at 3-kom samarbeidet si driftsavtale med Aspit må vurderast vidareført innan 01.12. 2020, ba kst. rådmann i Seljord om eit møte i RU for å drøfte desse sakene.

Det er i dag Nissedal, Fyresdal og Seljord som benyttar Aspit som leverandør av IT-tenester. Det er vore eit langsiktig mål om å ha felles arkitektur for dei seks kommunane. Det er vurdert tidligare at det vil vere ein klar fordel at alle kommunane i Vest-Telemark er knytt opp i mot det same driftsmiljøet. VTDS oppgradera til ePhorte 6 i ved årskiftet 2019/2020.

Fordelar ved felles driftsmiljø i Vest Telemark vil vere at det blir bygd kompetanse internt i kommunane. Seks kommunar som saman har felles drift kan skape eit høgare kompetansmiljø. Ein må bli samd i kva ein evt. skal ha in-house og kva ein skal ha på skya. Dette er så krevjande at det blir betre om fleire kommunar går saman om ulike IKT-satsingar.

Det har vore ein del oppstartsproblem i VTDS, spesielt serverutfordringar, men ikkje i høve til organisering. Digitaliseringskoordinatoren høyrer kanskje heime i VTDS og bør bli meir fristilt frå VTR.

Konklusjon

Dei tre Aspitkommunane bør gå saman og drøfte muligheita for å avklare vidare framdrift for oppgradering av ePhorte. Vidare må ein sjå på framtidig løysing for driftsmiljøa i regionen.

Eventuelt

Rådmann i Vinje stilte spørsmålet om dei andre i RU har uttalt seg til Kari Gro sin e-post om dårlege fysiske arbeidsforhold på Seljord DPS for jordmorsamarbeidet. Det er meldt inn avvik på forholda.

Anne

Ref